

---

 Saksnr: 2020/6-49  
 Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen  
 Vinjevoll
 

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet		28.09.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		14.10.2020

**Tilskot til trafikktryggingsarrangement, andre tildeling 2020**

Forslag til innstilling

## 1. Tilskot til trafikktryggingsaktivitetar fordelast på følgjande måte

Søkjjar	Namn på aktivitet	Totalkostnad på aktivitet	Søknadssum	Tilskot
Hystad skule	Fokus på trafikksikkerheit og etablering av Hjartesone	49 500 kr	49 500 kr	49 500 kr
FAU Garnes skule	Trafikksikkerhetsdag	43 500 kr	30 000 kr	30 000 kr
Bømlo kommune	Markering av nasjonal refleksdag	40 000 kr	40 000 kr	40 000 kr
Stryn kommune	Trafikktryggingsmateriale til valfag <i>Trafikk</i>	61 720 kr	62 000 kr	46 300 kr
FAU Indre Hafslo		10 000 kr	10 000 kr	0 kr
Sædalen FAU	Refleksvestaksjon høst 2020	6 000 kr	6 000 kr	6 000 kr
Stavlandsneset velforening	Trafikktiltak Stavlandsneset	100 000 kr	100 000 kr	0 kr
Stryn vidaregåande skule	Trafikktryggingsdag	68 250 kr	48 000 kr	48 000 kr
Trygg Trafikk	Sykkelysaksjonen #bruksykkelys	200 000 kr	150 000 kr	150 000 kr
Stord kommune	Trygg på sykkel i Stord	45 500 kr	45 500 kr	45 500 kr
Firda VGS	Trafikktryggingstiltak og markering av refleksdagen	29 000 kr	29 000 kr	29 000 kr
Sogndal VGS	Refleksaksjon	7 000 kr	7 000 kr	7 000 kr
Moster Grendautval	Universell tursti	4 100 000 kr	500 000 kr	0 kr
Ramsøy idrettslag	Trafikkveld på Ramsøy	10 000 kr	10 000 kr	10 000 kr
FAU Hanøy skole	Online trafikkquiz/bingo	36 900 kr	36 900 kr	36 900 kr

Måløy vidaregåande skule	Markering av refleksens dag	4 800 kr	4 800 kr	4 800 kr
<b>Total</b>		<b>4 812 170 kr</b>	<b>1 128 700 kr</b>	<b>503 000kr</b>

#### Samandrag

Vestland fylkeskommune ønskjer å stimulere til haldningsskapande trafikktryggleiksarbeid i heile Vestland fylke, og delar difor årleg ut midlar til gjennomføring av trafikktryggleiksaktivitetar.

Til andre søknadsrunde kom det inn 16 søknadar, med ein samla søknadssum på 1 128 700 kr. I fylkesrådmannen si innstilling er det gitt tilsegn på 503 000 kr til 13 ulike aktivitetar. Dei tre søknadane som ikkje får midlar er fysiske tiltak, og vil bli meldt vidare gjennom andre kanalar.

I retningslinjene for tilskotsordninga står det at midlane kan nyttast til haldningsskapande tiltak, informasjonstiltak, opplæringstiltak (inkludert trafikantopplæring), arrangement, kampanjar, aksjonar og prosjekt (med meir) som bidrar til å tryggje trafikk og trafikantar. Ordninga opnar ikkje for midlar til fysiske tiltak.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

Torill Klinker  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I PS 8/2020 «Fordeling av FTU-midlar for 2020» vedtok hovudutval for samferdsel og mobilitet å løyve 2 000 000 kr til tilskot til trafikktryggingsaktivitetar.

Tilskotsordninga har hatt to fristar i år, no er den andre fristen for i år ute. Etter fristen 25.februar vart det delt ut 1 275 500 kr fordelt på 28 aktivitetar. Det inneberer at det gjenstår 724 500 kr til denne tildelinga.

Til andre søknadsrunde kom det inn 16 søknadar, med ein samla søknadssum på 1 128 700 kr. I fylkesrådmannen si innstilling er det gitt tilsegn på 503 000 kr

Kriterium for tilskotsordninga

- Det blir lagt vekt på trafikkfagleg kvalitet og kor sentralt førebyggjande trafikksikringsarbeid står i tiltaket.
- Kor breitt tiltaket når ut vert vurdert opp mot storleiken på søknadssum.
- Trafikksikringsaktivitetar i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet vert prioritert.
- Frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggingsarbeid vert prioritert.
- Tilskotet kan nyttast til kostnader som er direkte knytt til gjennomføring av tiltaket.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til kostnader knytt til ordinær drift og administrasjon av søkjar si verksemd.
- Det er mogleg å søkje om midlar til tiltak som blir gjennomført før sak om tildeling er handsama politisk. Tiltaket kan ikkje vere gjennomført før søknad er sendt.

Dersom totalkostnaden av aktiviteten er meir enn 50 000 kr er det krav om 25 % eigenandel.

Skildring av søknadane som er komne inn

### Hystad skule

Hystad skule har blitt hjertesone-skule, og ønskjer å markere dette med eit kick-off arrangement for å synleggjere tiltaket i større grad. Dei skal ha fokus på dette ei veke, og det blir premiar til elevane. Dei skal i tillegg ha sykkelopplæring i form av Sykkelkids, eit opplegg som har fått svært gode tilbakemeldingar. Dei skal også få elevane til å vere med å lage ein musikkvideo for å gjere alle engasjerte. Hystad skule har søkt om 49 500 kr til arrangementet. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 49 500 kr.

### FAU Garnes skule

FAU ved Garnes skule søker om midlar til å gjennomføre ein trafikktryggleiksdag ved skulen. Skulen har 350 elevar, og skal ha fokus på trafikkopplæring i heile veke 42. 7.klasse skal besøke trafikksikkerhetshallen på Lyngbø, medan dei andre elevane har opplegg på skulen. Opplegget er i samarbeid med blålysetatane, NLF og eit busselskap. Dei søker om 30 000 kr til å gjennomføre trafikktryggleiksdagen. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

### Bømlo kommune

Bømlo kommune søker midlar til markering av refleksens dag i Bømlo. Bømlo er godkjend som Trafikksikker kommune. Dei skal ha markeringar på skular og på kulturhuset, samt utdeling av refleksar til syklende og gåande på morgonen. Dei søker om 40 000 kr til å kjøpe inn refleksar. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

### Stryn kommune

Stryn kommune søker midlar til å kjøpe inn utstyr som skal brukast til materiell i valfaget Trafikk på ungdomskulen. Utstyret skal nyttast til praktiske øvingar i faget. I alt skal dei kjøpe utstyr for 61 720 kr, og søker om 62 000 kr. For arrangement med totalkostnad over 50 000 kr er det krav om 25 % eigenandel. Fylkesrådmannen innstiller difor på eit tilskot på 46 300 kr.

**FAU Indre Hafslo**

FAU ved Indre Hafslo skule søker om 10 000 kr til å kjøpe inn eit bussskur som skal stå ved haldeplassen nær oppveksttunet. Dette er eit fysisk tiltak, og difor ikkje eigna for denne tilskotsordninga. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 0 kr.

**Sædalen FAU**

Sædalen FAU arrangerer kvart år ein refleksvest-aksjon ved skulen. Dette er med på å dra opp delen av elevar som brukar refleks på skulevegen. To gongar i løpet av aksjonen vert det premiering i form av pizza til ei skuleklasse. Dei søker om 6 000 kr til å kjøpe inn pizza. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 6 000 kr.

**Stavlandsneset velforening**

Stavlandsneset velforening søkjer om 100 000 kr til å lage fartshumpar og skilting av veggen. Dette er kommunal veg, og innspelet blir difor sendt vidare til kommunen. Tiltaket er ikkje i tråd med kriteria for denne tilskotsordninga. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 0 kr.

**Stryn vidaregåande skule**

Stryn VGS søkjer midlar til å arrangere ein trafikktryggingdag. Det vil bli sett opp ulike stasjonar som elevane skal innom i løpet av dagen. Det vil vere særleg fokus på nyerverva førarkort og fart, kva ein skal gjere når ulykka fyrst er ute, samt refleksbruk. Dagen blir arrangert i samarbeid med naudlysetatane, Trygg Trafikk og Statens vegvesen. Dei søker om 48 000 kr til å gjennomføre dagen. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 48 000 kr.

**Trygg Trafikk**

Trygg Trafikk søker midlar til å gjennomføre kampanjen #bruksykkellys. Kampanjen oppstod i fjor, og er eit samarbeid mellom Trygg Trafikk, fylkeskommunen, Sykkelkids og Miljøløftet. Kampanjen set fokus på kor viktig det er å nytte sykkellys når vi går inn i mørketida. Ved gjennomføring av Sykkelkids på skular vil det bli montert lykter på sykklar som manglar dette, i tillegg vil sykkelbyane få tilbod om lykter, samt idrettslag, skular og andre interessentar i fylket. Midlane går til å lage materiell og kjøpe inn sykkellys til utdeling. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 150 000 kr.

**Stord kommune**

Stord kommune søkjer om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar på ved tre skular. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cycleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 45 500 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 45 500 kr.

**Firda vidaregåande skule**

Firda VGS jobbar kontinuerlig med haldningsskapande trafikktryggingarbeid ved skulen. No søkjer dei midlar til å markere refleksens dag med utdeling av refleksar og premiar, samt enkelt servering. Firda VGS ligg i Gloppen kommune, som er godkjent som trafikksikker kommune. Dei søkjer om 29 000 kr, og fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 29 000 kr.

**Sogndal vidaregåande skule**

Sogndal VGS samarbeider med politiet og Statens Vegvesen om å markere refleksens dag ved skulen. Dei søkjer om 7 000 kr til å kjøpe inn refleksar til utdeling. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 7 000 kr.

**Moster grendautval**

Moster grendautval søkjer midlar til å bygge ein universell tursti som skal fungere som skuleveg. Det skal vere ein sti for alle i bygda. Dei søkjer om 500 000 kr til å lage turstien. Dette er eit fysisk tiltak, og difor ikkje eigna for denne tilskotsordninga. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 0 kr.

### FAU Hanøy skole

FAU ved Hanøy skule samarbeider med skulen for å gi elevane opplæring i trafikktrygging. Etter at skulen har gitt informasjon og undervisning i temaet vil FAU arrangere ein online trafikkquiz/bingo for elevane. Det blir premiar og trøystepremiar til elevane i form av refleksar, lys og andre trafikkeffektar.

### Ramsøy idrettslag

Ramsøy idrettslag søkar midlar til å arrangere ein trafikk-kveld på Ramsøy. Dei ønskjer å arrangere ein kveld med fokus på sykkel og gange til trening og kamp. Dei ønskjer å lage ein haldningskampanje med materiell, mat og drikke. Dei søker om 10 000 kr, og fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 10 000 kr.

### Måløy vidaregåande skule

Ved måløy vidaregåande skule søker dei om 4 800 kr til å arrangere refleksens dag. Dei skal dele ut refleks til alle elevane, og arrangementet vil bli gjort i samband med anna opplegg for trafikksikring som går gjennom heile skuleåret. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 4 800 kr.

### Vedtakskompetanse

I delegeringsreglementet til Vestland fylkeskommune står det i punkt 3. under hovudutval for samferdsel og mobilitet at dei skal fordele fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt område.

Fylkestrafikksikringsutvalet skal gje tilråding i saker innafor sitt saksområde.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet vedtok i PS 8/2020 å løyve 2 mill.kr til tilskotsordning for trafikktryggingsaktivitet.

**Klima:** Trafikkopplæring og kjensle av tryggleik er grunnleggande føresetnader for at dagens barn og unge vel gange og sykkel føre bil når dei veks til.

**Folkehelse:** Trafikkopplæring og kjensle av tryggleik er grunnleggande føresetnader for at dagens barn og unge vel gange og sykkel føre bil når dei veks til

**Regional planstrategi:** Satsing på trafikkopplæring og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen er glad for at det blir arrangert ei rekke trafikktryggingsaktivitetar i Vestland no i haust. Mykje av det haldningsskapande arbeidet som var planlagt i vår og sommar har blitt utsett, avlyst eller endra.

Det haldningsskapande arbeidet er ein viktig del av det å nå nullvisjonen om null drepne eller hardt skadde i trafikken.